

01.04.2013

## Fleire aktuelle tema i Uskedal utvikling



Ivar Nesse i Thaimatvogna som har hatt ein god start. Han er invitert til møtet onsdag (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedal utvikling har sine faste  
møte fyrste onsdagen i månaden.  
På møte i Gamleskulen onsdag  
kl. 19 vil ein ta fram fleire aktuelle tema.**

Dagleg leiar i Festidalen, Bjørn Olav, Tveit vil informera om ein utvida og meir omfangsrik festival.  
Dette gjeld mellom anna nye tiltak som Festifjellet og Festidagen.

Eit anna tema er orientering om prosjektet LiVOGLyst.  
Uskedal utvikling ergodkjend som ei LiVOGLyst-bygd  
og løyvd kr. 20.000,- i 2013.  
Det vert sagt meir om innhald og tiltak i prosjektet.

Styret i Uskedal utvikling er vertskap for nye tiltak i bygda.  
Ivar Nesse frå firma med den hye Thaivogna er invitert til møte.  
Det nye tiltaket med sal av thaimat i Uskedalen  
kan syna til ein god og vellukka oppstart.

I forkant av møte på onsdag vil styret ha eit særsmøte  
med Bondelaget, Eleveigarlaget og nokre grunneigarar  
om turveg langs elva.  
Dette er eit av tiltaka i Handlingsplanen 2013.

Dersom nokon har aktuelle saker, er det høve å mælda  
desse inn og få plass til drøfting på møte.

**Styret**